
Saksnr: 2019/11-41
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda		08.06.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Val av medlem til styre i Skyttel AS

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek attende fullmakt gjeve til fylkesutvalet til å gjere val til styre i Skyttel AS.
2. Som kandidat til styremedlem i Skyttel AS, nemner fylkestinget opp:

Samandrag

Den eine av Vestland fylkeskommune sine kandidatar som styremedlem i Skyttel AS, Ina M. Espås, vart ikkje vald på Skyttel AS sin ekstra generalforsamling 29. mai 2020. Vestland fylkeskommune er beden om å nemne opp kandidat til ny styremedlem.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget fatta 12. mai i sak PS 28/20 slikt vedtak for val av styre til Skyttel AS:

«Val av styret vert utsett. Fylkestinget gjev fylkesutvalet fullmakt til å oppnemne styre i Skyttel.»

Fylkesutvalet gjorde så 28. mai i sak PS 111/20 slikt val til styre i Skyttel AS:

1. Styremedlem: Ina M. Espås
2. Styremedlem: Trym H. Aafløy
3. Varamedlem: Jannicke Bergesen Clarke

I ekstra generalforsamling 29. mai 2020 i Skyttel AS, vart Ina M. Espås ikkje vald inn i styret. Det er generalforsamlinga i eit selskap som vel styremedlemar, og som bestemmer om det også skal veljast varamedlemar, jf. asl. § 6-3 (1). Vestland fylkeskommune er beden om å nemne opp kandidat til ny styremedlem.

Til orientering vart Trym H. Aafløy vald inn i styret, medan Jannicke Bergesen Clarke vart vald inn som varamedlem.

Fylkestinget si delegering av mynde til fylkesutvalet til å nemne opp styre i Skyttel AS hadde ingen skrankar. Fylkesrådmannen legg likevel til grunn at bakanforliggende premiss for delegering av mynde til fylkesutvalet her var den knappe tida til neste generalforsamling i Skyttel AS. Fylkesrådmannen har her difor lagt til grunn ordinær saksgang for denne type saker, der valnemnda innstiller og fylkestinget gjer vedtak.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer val av representantar til styrande organ i selskap, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6.

Sjå òg nærare omtale av vedtakskompetanse under Bakgrunn for saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Det er generalforsamlinga i eit selskap som vel styremedlemar. Generalforsamlinga i Skyttel AS har ikkje vald kandidat Ina M. Espås. Fylkestinget har høve til å nemne opp ein ny kandidat.

Konklusjon

Fylkestinget nemner opp ny kandidat til styremedlem til Skyttel AS.